

Våren 2015
Heimeeksamen

KUN2250 – Kunstsamlingar og museum

Utlevering av oppgåve: 13.04.15, i Fronter, fom. kl. 10:00.

Innlevering av svar på oppgåva: 16.04.15, i Fronter, innan kl. 14:00.

Oppgåvesettet er på 5 sider

*Svar på **ei** av dei to oppgåvene. Les nøye instruksjer for dei krava som vert stilt til omfang av svaret, skriftstorleik og bruk av fotnoter, samt korleis du skal levere.*

OPPGÅVE 1:

På Stenersen museet pågår utstillinga

GUTTORM GUTTORMSGAARD

- KJENT UKJENT

7. februar - 21. juni

På museet si nettside vert vi fortalt:

Guttorm Guttormsgaard har vore ein sentral skikkelse i norsk kunstliv sidan 1960-åra. Kunstnerskapen hans spenn over fleire fasar, medium og uttrykksmåtar. Den retrospektive utstillinga vil syne Guttormsgaard som grafikar og teiknar. Du får oppleve blant anna dei teikna dagbøkene hans, som han har ført gjennom fleire tiår. Utstillinga vil også dokumentere dei viktigste utsmykkingsprosjekta. I tillegg til virket som bokkunstnar vil den omfattande samlinga vorte via spesiell merksemd.

Gled deg til Guttormsgaards betydningsfulle og innholdsrike kunstnarskap i full bredde – for fyrste gang presentert som ei utstilling.



Besøk utstillinga og gje ei kort beskriving av kva du har sett. Beskrivinga skal vere på maksimum ei side.

Drøft deretter tilhøvet mellom utstillinga sitt innhald og presentasjonen av ho i Stenersen museet med utgangspunkt i om bygget er ein funksjonell ramme jamført med installasjon og presentasjon av utstillingane. Drøft og gje din vurdering av korleis du opplever at innhaldet i utstillinga vert formidla gjennom sjølve utstillingsformen.

Utstillinga inneheld forskjellige typer materiale som tradisjonelt inngår i ulike typer av institusjonar som kunstmuseum, kulturhistoriske museum og bibliotek. Gje ei vurdering av om du opplever om presentasjonen av dei ulike materialgruppene tar hensyn til deira egenart. Drøft om du finn ein overordna idé som styrer presentasjonen og gir uttrykk for at kuratoren ønsker å ordne materialet inn under. Drøft også om sammenstillingen av det heterogene materialet kan verte oppfatta som ein kritikk mot det moderne kunstmuseet si inndeling av materiale ut frå fagspesialiseringar. Gje ein vurdering av kor estetisk vellykka du finn presentasjonen opp mot formidlinga av innhaldet i dei enkelte gjenstandar som inngår.

Dersom du finn sider ved presentasjon og formidling du finn spesielt vellykka, problematisk eller kritikkverdig, gje uttrykk for dette. Grunnlegg drøftinga og meiningane dine gjennom tilvisning til og drøfting av relevant materiale i pensum.

SVARET KREV AT DU HAR HØVE TIL Å OPPSØKE MUSEET. DERSOM DU IKKJE HAR HØVE KAN DU VELJE OPPGÅVE 2.

OPPGÅVE 2:

I musea er det ulik oppfatning av den relative verdien av dei ulike oppgåvene. Tradisjonelt har alt arbeid som er knyttet til vurderingar av kva som skal verte samla og forskning på samlinger blitt høyt verdsatt. Dette krev spesialisering. Utviklinga i musea går i retning av at det vert stilt spørsmål ved dei tradisjonelle målsettingane, verdiane og hierarkia i museene.

Eit museum med høgt spesialisert arbeidskraft kan verte opplevd som lite fleksibelt. I ein situasjon som krev raske omstillingar, er det sannsynlig at ein museumsleder vil foretrekke mindre spesialiserte medarbeidarar og ansette ut frå breddekompetanse framfor spisskompetanse. Det kan skape problem dersom museet ynskjer å oppretthalde ein profil der forskning på eit høgt nivå skal inngå. Ein måte å løse dette på er å kjøpe inn spesialisttjenester. Vi kan tenke oss at slike spesialisttjenester vert kjøpt inn på alle nivå. Det gjeld forskning, konservering, formidling, marknadsføring, transport, regnskap, vakthald og sal. Dersom ein stor del av arbeidet vart satt ut til eksterne, krev det ein organisasjon som kan administrere og kvalitetssikre tjenestene. Det krev også eit klart medvit om kva som er verksemden sine kjerneoppgåver og sikring av at desse vert ivaretatt.

Eit museum som fyrst og framst er opptatt av å ha ei fleksibel organisering som gjer at museet lett kan omstille seg etter dei vekslende politiske og økonomiske konjunkturar, kan framstå som det ofrar sine langsiktige forpliktingar mot samlingane og formidlinga av historiske kunst - og kulturverdier og forpliktingane sine som dannelsesinstitusjonar. Det fører også lett til sterk merksamdom om kva som framstår som aktuelt i augeblikket. Det kan lett skape eit motsetningstilhøve mellom medarbeidarar med et sterkt faglig engasjement der fagfellane sine vurderingar teller meir enn omsynet til et breidt publikum, og medarbeidarar som er meir opptatt av at det arbeidet som vert gjort i musea når ut til eit variert og breidt publikum.

Kva vi har her skissert kan fort ende opp i ein diskusjon om kven musea er for. Dei politiske føringane i dag er at musea skal prioritere barn, unge og eldre. Eit museum som også ynskjer å ta høgde for at befolknings sammensetningane skal verte avspeila i tilbodet som vert gitt, må også ta omsyn til ynskjene og behova til ulike etniske grupperingar. Musea har spesielt lagt vekt på rolla si både som formidlar av estetiske opplevingar og kunnskapar til barn og unge. Dette er i tråd med forestillinga om musea sin rolle som kulturbærarar og undervisningsinstitusjonar.

Samtidig er det eit krav frå mange hold om at musea skal fungere som attraksjonar i ein turistøkonomi. Musea står overfor ein situasjon der grunnbevilgningane frå det offentlige vert frosne, eller vert mindre. Økt inntjening kan skje gjennom ein kommersialisering knytta til økt billettinntekter, sal av varer og tjenester frå museumsbutikkar, sal fra utstillingar og gjennom drift av restaurantar og kafear.

Vi tenker oss at du får i oppdrag å skrive ein kronikk der du drøftar dei utfordringar den skisserte situasjonen skaper for museum i dag med omsyn til det å definere måla sine, avveining av faglige omsyn opp mot andre omsyn og personalpolitikk. Du skal hente eksempel frå pensum. Du skal greie ut om, drøfte og problematisere eksempla opp mot den aktuelle situasjonen som er beskreve i den innledande teksten.

ALLE SVAR SKAL VISE TIL RELEVANTE AVSNITT I PENSUMLITTERATUREN OG EKSEMPEL SKAL VERTE HENTA FRÅ PENSUM MED TILVISNING TIL SIDE OG EVENTUELT ILLUSTRASJON, SOM IKKJE VERT LAGT VED I SVARET.

Formalia:

- Omfang: 6-7 sider tilrådd skrifttype er Times New Roman (12 punkt) med 1 ½ linjeavstand. Ev. bilete er vedlegg og blir ikkje rekna med i talet på sider. Oppgåva vurderast med bokstavkarakterer A-F. A er beste karakter, F er stryk.
- Oppgåvesvar utan tilvising til kjelder (noteapparat og litteraturliste) blir ikkje godkjent. På kunsthistorie ser ein helst at Chicago-stilen blir nytta.
- Alle oppgåvesvara må vidare oppfylle dei formelle krava til akademisk skriving. For utfyllande informasjon, sjå: <https://www.ub.uio.no/skrive-referere/index.html>
- For utfyllande instruks om innlevering av oppgåve, og nedlasting av forsider og fuskeerklæring, sjå: http://www.hf.uio.no/ifikk/studier/admin/eksamen/hvordan-levere-besvarelsen-din/innlevering_fronter.html
- Fuskeerklæring leverast som spørreskjemabesvarelse i Fronter, og skal ikkje lastast opp som eget dokument.